



Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 27.08.2019 kl 19.15 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Jarle Berge, Anne Lise Ljotebø, Stine Iren Røyseth, Runar Matsui-Li og Sturla Bell Fossen.

Desse hadde meldt forfall:

Lisbeth Haugsbø, Borgny Birkeland, Erlend H. Haugsbø.

Leif Arne Fureli møtte ikkje.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste: Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte. Ingen merknadar.

Meldingssaker:

000012 Soknepresten har ordet.

Presten las sist sundags preiketekst, og delte nokre tankar om den med oss.

000013 Rekneskapsrapport.

Rapporten vert teken til vitring slik den føreligg.

000014 Endring i prestetenesta.

Orienteringa som låg ved innkallinga vart gjennomgått og teken til vitring.

Vedtaksaker:

Sak 023/19: Gjennomføring av kyrkjevalet 2019.

Ei orientering om kyrkjevalet er sendt medlemene i soknerådet på førehand, og alle vert oppmoda om å setje seg inn i denne før valet. Digranes gjekk gjennom valreglementet.

Kyrkjekontoret må sende info til alle soknerådsmedlemene om det praktiske omkring frammøte o. l. !

Vallokala på Kyrkjebø og i Vadheim (biblioteka baae stadar) skal vere opne frå kl: 10.00 – 18.00.

Når lokala stenger samlast flest mogeleg av soknerådsmedlemene på Kyrkjebø, og føretek samla opptelling.

Til hjelp i vallokalet på Kyrkjebø skal desse spørjast:

Gunhild Bekkelien, Finn Trædal, Gunvor Hommedal (Audun spør).

Knut H Litzheim, Ole Myrhol og Oddleiv Pedersen (Jarle spør). I tillegg skal Jarle og Sturla vere med.

Til hjelp i vallokalet i Vadheim skal Audun og Leif Arne spørje aktuelle kandidatar.

framhald:

Sak 024/19: Kyrkjevertar for resten av 2019.

Kyrkjebø:

06.10. kl 11.00 – jubileumsgudsteneste	– heile soknerådet.
27.10. kl 17.00 – jazzgudsteneste	- Jarle
03.11. kl 11.00 – helgemesse	- Sturla

Nytt sokneråd avgjer kyrkjevertordninga for resten av gudstenestene i 2019.

Under denne saka vart det også orientert om desse tilskipingane:

26.09. – salmekveld i Vadheim kl 19.15.
05.10. – orgelkonsert under planlegging (ansvarleg: kantor)
14.11. – salmekveld på Kyrkjebø kl 19.00.

Kantor føreslår same program båe salmekveldane, der alle salmane har tonar av ein og same tonediktar.
Soknerådsmedlemene vert oppmoda om å velje to salmar kvar, og å kunne presentere desse i programmet.

Digranes sender salmelista til alle soknerådsmedlemene.

Møtet slutt ca: 21.00.

Sturla Bell Fossen
- skrivar –